

Naustdal Jakt og Fiskelag Sone 4 (Øvre Naustdal utmarkslag)

Att: Normund Svoen

Solheimlia 2

6900 Florø

01.03.2010

Naustdal kommune v/ Henning Malones

P.b. 43,

6806 Naustdal

Høyringsuttale om fornying av snøskuterløype i Naustdal

Vi beklager at vi er seint ute med denne høyringa med frist 17.02.10. Vi velg likevel å sende ei uttale no.

Vi tar til etterretning Fylkesmannen sitt vedtak i saka der Naustdal Røde Kors Hjelpekorps har fått eit begrensa løype til bruk av snøskuter i Naustdal- Gjengedal landskapsvernområde – jfr. brev av 10.02.10 – ref. 2009/571 – 432.2. I dette vedtaket ligg der også eit begrensa løype for Instedalen skianlegg til å leige inn snøskuter for å køyre opp skispor etter ei avgrensa rute i området. Slik vi forstår vedtaket gjeld dette kun for 2010. Ny søknad må foreligge etter denne tid og vi forventar å få slik søknad til høyring vidare.

Vi ynskjer likevel å presisere fylgjande:

- Løypehavar må innhente individuelt samtykke frå grunneigarar der løypene blir lagt.
- Køyringa må utførast omsynsfullt og unødvendig køyring må ikkje førekomme.
- Det må takast særleg omsyn til villreinstammen i området (viser her elles til uttale frå Førdefjella Villreinutval v/Malvin Barlund.)

Vi vil i dette høvet også presisere at i saker der kommunen får inn andre søknader om motorisert bruk av området , t.d. helikopter transport og liknande, skal grunneigarar der helikopteret skal lande alltid spørjast.

Med helsing

Naustdal jakt og fiskelag sone 4 (Øvre Naustdal utmarkslag)

Normund Svoen

Leiar